

God påskestart på Oska.

13.04.2017



Caroline Wergeland(t.v.) og Anne Marthe R. Mehl ordna servering og bar.

Det teiknar til å bli ein god påske på Oska etter besøket skjærtorsdag og bookinga for dei komande dagane å døma. Då uskedalen.no var innom den gode restaurangen ved 18-tida torsdag, var Roy Lervåg sjølv travelt opptatt på kjøkkenet medan Anne Marthe R. Mehl og Caroline Wergeland serverte gjestene.

Roy Lervåg var svært fornøgd med besøket, og Caroline Wergeland kunne fortelja at det hadde vore jamnt tilsig av gjester frå dei opna kl.16. Dei hadde ordna det slik at gjestene fordele seg til ulike tider, og då eg var innom venta dei eit nytt bord kl.18. Som på skjærtorsdag i fjor, vart det servert langtidssteikt lammelår med marinert sopp, rotgrønsaker, rødvinsaus og urtesteikte poteter. I tillegg vart det servert både forrett og dessert. Blant gjestene var både uskedelingar, andre kvinnheringar og tilreisande påskegjester.

- Eg synes det har gått veldig fint, og vi har fått masse gode tilbakemeldingar for nydeleg mat, kunne Caroline Wergeland fortelja.

Også for dagane framover ser det svært bra ut. Det er framleis ikkje fullteikna på ølkurset om ettermiddagen langfredag, men på quizen etterpå er det rekordmange 19 lag.

Til påskefesten påskeaftan er det svært mange som har bestilt bord, og det ser ut til å verta ein flott påskefest. Derimot er den uformelle prøvesmakinga med Mykle Mikrobryggeri i forkant av festen avlyst. Til den var det for lita interesse.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland